



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for næring og kultur

**Møtedato:** 02.02.2016

---

**Sak nr.:** 16/869-2  
**Internt I.nr.** 4189/16

**Sak:** 20/16

**Tittel:** Innspel til jordbruksforhandlingane 2016

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren for næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutvalet sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2016 er at jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane er:
  - a. At det samla sett vert teke omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom brukta og store avstandar til marknad og omsetning.
  - b. Styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovførbasert produksjon av storfekkjøtt, lammekkjøtt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Styrking av nasjonale og regionale løyvingar til investeringar.
  - d. Innføring av rentefritt investeringslån til erstatning for dagens rentestøtteordning.
  - e. Utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.
  - f. Innføring av nydyrkningstilskot.
  - g. Halde fast på dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvotar.

**Endringsframlegg:**

Arve Mjømen, Høgre sette fram slikt framlegg:

Nytt pkt g istadenfor punkt g i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

Vurdere ei oppmuking av dagens regioninndeling for omsetting av mjølkekvoter.

Nytt punkt h:SMIL-midlar bør omdisponerast til anna virkemiddel i landbruket.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Punkt 2a – f i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt over punkt 2g. Tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 5 røyster og vart dermed vedteke. Høgre og Framstegspartiet røysta imot.

Framlegg frå Arve Mjømen til eit nytt punkt h fekk 3 røyster (Høgre og Framstegspartiet) og vart dermed forkasta.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Hovudutvalet sitt hovudinnspeil til jordbruksforhandlingane 2016 er at jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane er:
  - a. At det samla sett vert teke omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning.
  - b. Styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovförbasert produksjon av storfekjøtt, lammekjøtt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Styrking av nasjonale og regionale løyingar til investeringar.
  - d. Innføring av rentefritt investeringslån til erstatning for dagens rentestøtteordning.
  - e. Utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.
  - f. Innføring av nydyrkingstilskot.
  - g. Halde fast på dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvotar.